



Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

20/8116-1 /ROAHAU/20/32910

Arkiv:

Dato

27.11.2020

Fråsegn vedr konsesjonssak Røldal-Suldal-Kraft (RSK)

Ullensvang kommune krev forpliktande miljømessige og økonomiske kompensasjonar dersom RSK-anlegga får tidsuavgrensa konsesjon.

Røldal/Suldal kraft er i dag kraftprodusenten som forsyner Hydro Karmøy med miljøvenleg kraft. Vi ser at det er store positive markeringar fordi kraftanlegga er sikra som kapitalvare for kraftselskapa Lyse og Hydro. Det vert trekt fram som eitt døme på særskild vellukka kraft og industripolitikk. Det er det neppe. Effekttrettane (reguleringsrettar) gjev grunnlag for ei aktiv sterkt miljøbelastande regulering for å oppnå høgst mogleg inntekter for eigarane. Andre kraftkrevjande bedrifter har over år halde seg til gjeldande ordningar gjennom den liberaliserte kraftmarknaden. Det er ikkje dokumentert at Hydro sin kraftandel er øyremerkt industriproduksjon på Karmøy.

For Ullensvang kommunestyre, innbyggjarane, lokalsamfunnet og grunneigarane dreier saka seg om mykje meir. Det er forstemmande å lesa nyhende der industrileiarar og rikspolitikarar hyllar det store grepet. Medan kjelda til storhendinga - lokalsamfunnet, naturen, miljø-konsekvensane, kommunane, tørrlegginga av elvane og neddemminga ikkje vert trekt fram i det heile. Heller ikkje at naturressurskommunane Suldal og Ullensvang etter "avtalen" går glipp av store verdiar som var en føresetnad for utbygginga. Vi ser med uro på at omsynet til naturressursen hjå oss ikkje ser ut til å ha interesse i det heile. Fossar og elvar er borte for alltid. Valldalen slik den var, er borte for alltid. Samfunnskontrakten ved konsesjonen i 1962 var at anlegga skulle heimfalla til staten vederlagsfritt i 2022. Vertskommunane skulle motta inntil ein tredel av verdien. I praksis store mengder kraft basert på ein "trappetrinnsmodell - eller titals millionar kvart år til evig tid. For kommunar og regionen. Eigarane av anlegga har no overteke enorme verdiar basert på enorme naturinngrep. Medan lokalsamfunna har mista enorme verdiar, og sit att med naturinngrepa, sterkt i strid med samfunnskontrakten frå 1962.

Reguleringa av Røldalsvatnet, Votna og Valldalen med meir, har endra denne delen av kommunen for alltid. Valldalen hadde lenge fast busetnad og var den største

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 - 15.00

Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik

> www.ullensvang.kommune.no



stølsdalen på Vestlandet. Demninga breier nå ut Valldalsvatnet som dekkjer dalen. Granskingar viser at det budde folk i Valldalen alt i steinalderen. Det har budd folk med husdyr og matproduksjon i dalen i uminnelege tider. Før oppdemminga, vart Valldalen nytta til sommararbeite, med 18 stølsbruk. Der var fleire tusen geiter og mange hundre kyr på beite. Dette gav grunnlag for ysteri som produserte geitost.

Dalen var prega av frodig vegetasjon. Røldal og Valldalen heng saman og har bidrege til ein unik kultur. Valldalen er del av Røldal/Suldalsvassdraget, som renn ut i Boknafjorden. Vassmassane frå Hardangervidda vert drenert gjennom dalføret og er naturressurs for krafta som skaper smelteverksarbeid på Karmøy. I tillegg ser det no ut til å gje solide kraftinntekter til kommunar i Sør-Rogaland. Med den 90 meter høge dammen i Valldalen har det gamle kulturlandskapet for alltid blitt borte. Stølane er neddemde og den aktive vassdragsreguleringa har endra naturen og lokalklimaet. Særleg gjeld dette i Valldalen og ved Røldalsvatnet. Eitt godt døme er mykje frostrøyk med rimnedslag i Røldal vinterstid, som følge av open råk ved kraftverksutløpet. Ein plagsom konsekvens for fjellbygda som ligg tett ved det regulerte vatnet.

I 1962 vart eitt selskap under stifting, med A/S Rjukanfoss og Staten som deltakarar gjeve konsesjon i medhald av ikl. § 4 og vrgl. §§2 og 19 post 2 “til erverv og regulering i Røldal - Suldalsvassdraget m.v.” Konsesjonen gav selskapet rett til å:

- ***“Erverve fallrettigheter i Røldal-Suldalsvassdreget m.v. og å foreta regulering i de samme vassdrag samt å rå over alt vanne i vassdragene overfor Suldalsvatn til kraftproduksjon. Videre ble selskapet gitt rett til å innløse fallrettigheter, ekspropriere nødvendig grunn og rettigheter m.v. for utbygging av Røldal-Suldalsvassdraget og å føre elvene ut av de naturlige løp.”***

Avtalen som må reknast til å gje regulanten vidtrekkande fullmakter, var gjeldande for ein periode på 60 år. Konsesjonen i høve regulering av Røldal-Suldalsvassdraget kom altså ved kongeleg resolusjon 21. desember 1962, **og er tidsavgrensa til 60 år med vilkår om heimfall**. Konsesjonæren Røldal-Suldal Kraft AS (RSK) har Hydro Energi AS som operatør og majoritetseigar.

Hydro Energi AS (Hydro) og Lyse Produksjon AS (Lyse) etablerer no eit nytt selskap «Lyse Kraft DA». Avtalen omfattar mellom anna, ni kraftverk i Røldal-Suldal-vassdraget («RSK-anlegga»). Hydro skal eiga 26% og Lyse 74%. Lovendringar gjer at fusjonen medfører at RSK-anlegga ikkje heimfell som føreset i konsesjonsvilkåra.

Ved fusjonsavtalen har det oppstått spørsmål om det nye selskapet skal søka om fornya reguleringskonsesjon for reguleringa. 22. oktober sette Hydro, Lyse og Lyse Kraft DA i fellesskap, fram søknad til Olje og energidepartementet (OED) om at vilkåret om tidsavgrensing i konsesjonen for Røldal-Suldal-anlegga vert omgjort. Og at konsesjonen elles vert vidareført på uendra vilkår, jf vannfallrettighetslova § 10. Dersom OED godkjenner dette, vil selskapet få konsesjon for RSK-anlegga til evig tid (tidsuavgrensa konsesjon). Kommunen

kan ikkje akseptera at konsesjonen vert vidareført på uendra vilkår. Konsesjonen for Røldal-Suldal-anleggene vart gjevne i ei tid det vart fastsett heilt andre krav til ivaretaking av naturmiljø enn i dag. Inngrepa må reknast å vera særleg brutale i høve dagens krav. Konsesjonen har fullført si virketid i 2022. Konsesjonsvilkåra er 60 år gamle. Konsesjonæren har ikkje ei gong oppfylt alle krav i konsesjonen, sjølv etter denne lange perioden. Det ser vi på som ein sterk provokasjon. Ny konsesjon i dag ville aldri ha tillete ei så inngripande utbygging som RSK representerer.

«Når tidsbegrensede konsesjoner løper ut må de fornyes. Konsesjonsmyndigheten står i utgangspunktet fritt til å vurdere om det skal gis en ny konsesjon og eventuelt på hvilke vilkår. En søknad om fornyet konsesjon kan avslås av konsesjonsmyndighetene, og konsesjonæren kan også velge å si fra seg en konsesjon. Behandlingen av en fornyelse blir som en ordinær konsesjonsbehandling, og gir større muligheter for endring av vilkår enn tilfellet er i en revisjonssak eller med utgangspunkt i de hjemmelsgrunnlag som er nevnt ovenfor.» Jf, Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer (OED)

Konsesjons/revisjonssaka må handsamast som ei fornyingssak. Det finst ingen liknande saker så langt. Såleis er den prinsipiell og vil få vide konsekvensar.

Departementet står fritt til å fastsetja føringar for revisjonssaka innan vassdragsregulerings- og forvaltningslova sine rammer. NVE har tidlegare vore klar på fornying:

«Konsesjonane for reguleringane i samband med denne utbygginga er gjeve tidsavgrensa for 60 år rekna frå 21.12.1962. Det vil seie at før 21.12.2022 må det søkjast om ny konsesjon for reguleringane. Det er først då utbygginga kan vurderast på nytt.» jf, NVE 20.08.2004, i brev til grunneigar O.S. Rabbe.

Konsesjonæren Hydro har også heile tida halde seg til at konsesjonen må og skal fornyast. Noko som også går fram av vassforvaltningsplanane for regionen - 2016-2022. Alle vilkår skal vurderast på nytt i fornyingssaka, jf Hydro sitt eige høyringsinnspel i 2014. Ullensvang kommune føreset at OED sikrar at revisjonssaka vert gjort i tråd med det NVE og Hydro frå før har lagt opp til. Vi har difor kravd og forventar stadfesting på at det vert fornyingssak med revisjonstidspunkt 2022. Gjennom fornyinga skal konsesjonen gje nye vilkår som er i tråd med tidsrett lovverk. Og krav om dagens miljøstandardar.

Vi ser at åtaka på vertskommunane for kraftanlegg vert intensivert. Grunnleggande vilkår for utbygginga vert annullerte. Naturressurskommunane sine interesser vert ikkje ivaretekne. Samfunnskontraktane som vart inngått ved utbyggingane vert svekka, eller utradert utan kompensasjon for vertskommunane. Sentrale ordningar som heimfall (andel av verdiskapinga) vert sett til side utan at vertskapet sit att med retten som var sjølvsgd i samfunnskontrakten ved utbygginga. Sett til sides, utan dialog. Tilliten til å inngå avtalar om utbygging er sterkt svekka. Verken sentrale styresmakter eller kraftselskap tek lokalsamfunn og naturressurskommunane sine interesser alvorleg.

Vilkåra vert endra i ettertid og skaper berettiga harme. Om samfunnskontraktar vert brotne etter 60 år utan kompensasjon må det vera ei sterk åtvaring til kommunar, som vurderer vind, hav eller vasskraftanlegg.

Ullensvang kommune krev forpliktande miljømessige og økonomiske kompensasjonar dersom RSK-anlegga får tidsuavgrensa konsesjon.

Kopi er sendt til Hordalandsbenken på Stortinget og dei faste medlemene i Stortinget sin energi og miljøkomite, Vestland fylkeskommune og fylkesordføraren i Vestland, Suldal kommune og ordføraren i Suldal og Røldal grunneigarlag.

Helsing

Roald Aga Haug
ordførar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:

Aukrust, Åsmund
Bastholm, Une
Bjørke, Nils T.
Borch, Sandra
Breivik, Terje
Christensen, Jette F.
Dale, Jon Georg
Eide, Espen Barth
Eidsheim, Torill
Eskeland, Liv Kari
Frølich, Peter
Gerd Helen Bø
Grung, Ruth
Halleland, Terje
Haltbrekken, Lars
Heggelund, Stefan
Hjemdal, Silje
Jon Askelandsd
Kjenseth, Ketil
Knutsen, Eigil
Lysbakken, Audun
Myhrvold, Ole André
Nilsen, Tom-Christer
Njåstad, Helge André
Norderhus, Else-May

Kopi til:

Nyborg, Torill Selsvold

Rommetveit, Magne

Røldal Grunneigarlag

Simonsen, Aase

Sjåstad, Runar

Storehaug, Tore

Suldal kommune

Toppe, Kjersti

Trellevik, Ove

Vestland fylkeskommune

Westgaard-Halle, Lene

Haukelivegen 99

5760

RØLDAL

Eidsvegen 7

4230

SAND

Postboks 7900

5020

BERGEN

KOPPI